

Menota og metainformasjon

Versjon 24. januar 2007. Rune Kyrkjebø.

1 Utgangspunkt

1.1 Handskriftnærleik

Medieval Nordic Text Archive (Menota) inneheld nordisk middelaldertekst i standardisert elektronisk form. Utviklingsarbeidet fram mot dette felles arkivprosjektet, med Menota TVB som ein førebels siste modul, har fokusert på dokumentasjon og standardisering av elektronisk attgjeving av nordiske middelaldertekstar. Ei hovudmål er å legge til rette for mest mogeleg rett og fullstendig tekstleg attgjeving av handskriftekstar. Arbeidet med elektronisk standardisering med dette for auge har resultert i *The Menota Handbook*. Eit sentralt tekstkodemessig grep der, er oppløysinga av tekststrengen frå handskriftet i 3 nivå – nemleg faksimile, diplomatarisk og normalisert. Ein elektronisk tekst av eit handskrift kan dermed eksistere i Menota med opptil 3 aspekt med ulik grad av handskriftnærleik i skriftbiletet. Faksimilnivået – og dette i samband med det diplomatarisk nivået – kan seiast å vere relevant særleg for lingvistiske, skrifthistoriske og tekstfilologiske studiar. Det normaliserte nivået er det også plass for i Menota sitt tekstkonsept, endå om dette ligg fjernare frå det empiriske/lingvistiske handskriftsfokuset. Det er for akademisk bruk – forskning, utgjeving, undervisning – at tilgangen til Menota er primært viktig.

1.2 Sentrale entitetar i Menota

Relatert til begrepa ”handskrift” og ”verk” fokuserer Menota mest på det første og konkrete, medan det andre og abstrakte begrepet også er ein relasjon som høyrer med. Eitt gamalnordisk verk kan vere ein av fleire tekstar i eitt enkelt, fysisk einskapleg handskrift. Eller delar av det vi reknar som eitt verk kan finnast diskontinuerleg plasserte i eitt eller fleire handskrift. Sentrale relasjonar i Menota sine metadata er dei mellom verk, handskrift, og elektroniske versjonar av handskrifteksten.

I tillegg kjem spørsmålet om handtering av personreferansar, som femner om middelalderlege forfattarar og nyare tids utgjevarar og filologar.

1.3 Lag av kataloginformasjon

Menota er eit arkiv av elektroniske versjonar produserte frå fysiske originalar som er katalogiserte i dei samlingane dei fysisk høyrer heime. Det vil typisk vere Arnamagnæanske Samling i København og Reykjavik, dei Kongelege biblioteka i Stockholm og København, og ein del andre nordiske og ikkje-nordiske samlingar. Eitt lag av Menota-tekstane sine metadata er dermed kataloginformasjonen frå samlingane der originaldokumentet finst. Oppå dette laget kjem informasjonen om teksten som elektronisk tekstversjon, med opplysningar om handsaminga i Menota.

1.4 Dynamisk arkiv

Menota kan karakteriserast som eit dynamisk tekstarkiv på to måtar. For det første vil arkivet vekse ved tillegg av nye versjonar av handskrifttekstar. For det andre er elektroniske tekstar i Menota opne for endring – i første rekke tenkjer ein seg tillegging av informasjon i eksisterande filer. Den elektroniske tekstmerkinga vil kunne opprikast med ny tekstmerking som fangar opp fenomen av interesse. Dette er eit faktum som reiser spørsmålet om versjonshandtering. Dette er for det første eit internt spørsmål for Menota, og for det andre eit spørsmål av relevans for metadataeksporten frå Menota og inn i andre system. Hit høyrer også spørsmålet om eksport av heile tekstar eller buntar av tekstar inn i til dømes DSpace-baserte institusjonelle arkiv.

1.5 TEI-basert

Menota byggjer på standarden TEI og er – i og med The Menota Handbook – ei vidareutvikling av denne standarden i ønskt retning. Fordi Menota-tekstane følgjer TEI er dei sjølvdokumenterande når det gjeld metadata – TEI Header-elementet inneheld metadata til den elektroniske teksten. Både i rekkjefølgje og innhald står TEI Header i eit bestemt forhold til MARC-standard, som er den tyngste katalogstandard innom biblioteksverda.

Standarden EAD (Encoded Archival Descriptions) er tillaga for elektronisk handtering av arkiv-metadata. Denne standarden skil seg frå TEI i den forstand at han har eit arkivperspektiv, medan TEI kan seiast å ha eit objektperspektiv i sine metadata. EAD er tilpassa å innehalde arkivattfinningsverktøy. EAD med EAD Header-elementet er likevel utvikla med eit blick på TEI.

1.6 Sentrale nærliggande modellar – FRBR og EAD

Etter dette innleiande omrisset av Menota som arkiv, er det nokre spørsmål som peikar seg ut som relevante å gå nærare inn på. Det eine spørsmålet er korleis sentrale omgrep i Menota høver med hovudkonseptane i ontologien *FRBR* for bibliografiske data. Denne ontologien vil bli brukt som eit felles omgrepsapparat og utgangspunkt for arbeid med jamføring og samordning av bibliografiske data.


Det andre hovudspørsmålet er relevansen av EAD for Menota. Hovudgrunnen for å nærme seg spørsmålet om EAD er at standarden uttrykkjer eit klart arkivperspektiv på sine innhaldselement. Det er grunn til å tru at XML-baserte EAD kan brukast for å trekkje ut av Menota det best mogelege arkivattfinningsverktøyet. Fokus er då ikkje på interne, konkrete filstrukturar eller visningar i Menota, men på mogelege styrte utdrag av sett av innhaldsfelt for å fylle eit bestemt formål.

2 Ontologi – FRBR og Menota

2.1 FRBR

For å ta eit nytt grep om heile katalogiseringsfeltet har det internasjonale biblioteksforbundet IFLA fått utarbeidd ein rapport kalla *Functional Requirements for Bibliographical Records* (FRBR, 1998). Bakgrunnen for dette initiativet er at katalogiseringspraksisen endrar seg på verdsbasis. Økonomisk press gjer at ein katalogiserer grovare. Elektroniske media med endra

forventningar frå brukarane gjer at krava til katalogdata bør sjåast på på nytt. Den elektroniske revolusjonen gjer også at katalogisering må tilpassast fleire typar informasjonsobjekt enn før. FRBR er meint å setje opp eit rammeverk for katalogiseringsdiskusjonen. Dette rammeverket tek utgangspunkt i kva *entitetar* som finst, kva relevante *attributt* entitetane har, og kva som er *relasjonane* mellom entitetane. FRBR vert dermed ein ontologi og eit vokabular som minner om det som er etablert i samband med emnekart (eng. topic map). FRBR er likevel ein *bibliografisk* ontologi med di den tek konkret utgangspunkt i sentrale bibliografiske standardar ("Parisprinsippa" frå 1961, ISBD frå 1971).



Figur 1. "Gruppe 1-entitetar": Verk, uttrykk, manifestasjon, eksemplar (frå *FRBR*, norsk utg.).

I ein oversiktspresentasjon av FRBR tek Carol van Nuys (Nasjonallbiblioteket i Oslo, 2002) utgangspunkt i *katalogiseringsmål*. Vi katalogiserer for å finne ein bestemt ressurs, for å lokalisere grupper eller sett av ressursar, for å oppdage bibliografiske relasjonar mellom ressursar, og for å velge eller få tilgang til ein ressurs. Katalogisering skal hjelpe oss å nå desse måla. FRBR er "en konseptuell modell som representerer et generalisert syn på det bibliografiske universet" (van Nuys 2002), og eit logisk rammeverk, ein felles basis, for å forstå og vidareutvikle reglar for bibliografisk beskrivelse.

Denne bibliografiske ontologien har allereie hatt fagleg nedslag i diskusjonar om konkrete katalogiseringsskjema. Hegna og Murtomaa (2002) har analysert MARC-data frå nasjonale biblioteksdatabasar i Noreg og Finland i lys av FRBR-modellen. Library of Congress, USA, har utvikla tabellar og jamføringar mellom FRBR og MARC i samband med studiar omkring det sistnemnde formatet (*Functional Analysis of the MARC 21 Bibliographic and Holdings*

Formats, 2006). Dette er døme på at FRBR i dag har ei rolle som eit vokabular og ei forståingsramme for både deskriptivt og normativt arbeid med katalogisering.

2.2 ”Gruppe 1”-entitetar

Nøkkelobjekta for bibliografisk interesse grupperer FRBR i det dei kallar ”gruppe 1”. Dette er det grunnleggande settet av entitetar og relasjonar, som går frå abstrakt til konkret i rekkja verk – uttrykk – manifestasjon – eksemplar. Primære relasjonar her vert då at verket er *realisert* ved uttrykket, som *finst i* ein manifestasjon, og som igjen er *eksemplifisert ved* eit eksemplar (figur 1). Det vidare byggverket av entitetar og relasjonar i FRBR nøstar seg så ut frå denne strukturen.

Verket er definert som eit sjøvstendig intellektuelt eller kunstnarleg arbeid, medan *uttrykket* er ei (eller fleire) intellektuell eller kunstnarisk realisering av verket. Manifestasjonen er noko fysisk som inneheld eit uttrykk. Manifestasjonen kan vidare førekomme i eitt eller fleire eksemplar.

No var mediesituasjonen og tekstproduksjonssituasjonen i middelalderen ulik den moderne, som FRBR trass i alt tek utgangspunkt i ved å bygge ontologien på 1900-tals etablerte bibliografiske prinsipp. Det har difor interesse å – som eit utgangspunkt – sjå korleis tilsvarende omgrep i Menota sitt tilfelle høver i hop med FRBR.

Menota sitt materiale er elektroniske reproduksjonar av handskrifttekstar. Handskriftene er fysiske berarar av litterære verk. Eit illustrerande døme er handskriftet AM 242 folio og dei verka som der er avskrivne (figur 2). Vi ser der korleis handskriftet inneheld fleire verk, og korleis stykke frå verka kan vere diskontinuerleg plasserte i handskriftet. Avgrensinga av kva som er eit verk i middelalderen er i større grad diskutabel enn i tilfellet med moderne verk. Det viktige i vår samanheng er likevel at sjølv *begrepet* verk er etablert med den same statusen og definisjonen som i moderne tid – altså eit intellektuelt eller kunstnarleg arbeid. Her er det då samanfall mellom FRBR og det tilsvarende begrepet i middelalderfilologien og Menota.




Fig. 1. The sequence of texts in Codex Wormianus (AM 242 fol). *Háttatal* is commonly regarded as the fourth part of *Snorra Edda*, but is located towards the end of the manuscript, and *Maríukvæði* has been divided into two parts.

Figur 2. Tekstar i handskriftet AM 242 folio, som er transkriberte og tilgjengelege i Menota. (Frå *The Menota Handbook*, Appendix E).

Det som er av interesse å undersøke, er samanfallet eller det manglande samanfallet mellom FRBR sin grunnmodell og dei entitetar og relasjonar Menota skal handtere bibliografisk (jfr. utgangspunktet, 1.2 ovanfor). Argumentet for at dette har interesse er også av pragmatisk art; som nemnt er FRBR etablert (eller under etablering) som ei referanseramme for bibliografisk diskusjon, og framtidig handtering av bibliografiske data vil skje med eit blikk på modellen og med bruk av terminologien frå den.

Omsetjing er eitt definerande aspekt ved relasjonen mellom verk og uttrykk som høver også med middelalderen. Sjangeren *lais* finst på gamalfransk og norrønt. Soger om heilage kvinner og menn er omsette frå latin til norrønt. I somme tilfelle vil det – både i moderne litteratur og middelalderen – finnast berre eitt uttrykk til kvart verk. Så langt er det abstrakte begrepet *uttrykk* også uproblematisk i vår samanheng.

2.3 Handskrift og transkripsjonar - manifestasjonar

Steget over mot det konkrete skjer i FRBR med begrepet *manifestasjon*. Ein manifestasjon er til dømes Johansson og Malm si *Snorra Edda* utgjeven i 1997. Manifestasjonen refererer derfor framleis til noko som faktisk er ein abstraksjon. Den heilt konkrete plassen tilhøyrer så det enkelte *eksemplaret*.

Går vi no over til middelaldermaterialet, i første omgang *handskriftene sjølve*, så er det klart at det enkelte handskriftet ikkje, eller berre delvis, motsvarar begrepet *eksemplar* i FRBR. Eksemplar er der definerte som å representere identisk ein og same manifestasjon, altså med i utgangspunktet lik tekst i alle eksemplar. Det er trykkekunstens eksemplarframstilling som her er den historiske bakgrunnsituasjonen for FRBR. Handskriftene derimot, vil ikkje vere identiske eksemplifikasjonar. Ein kan prinsipielt seie at kvart handskrift har tekstleg variasjon, og at denne variasjonen endåtil har karakter av intellektuell eller kunstnarleg aktivitet. Då er vi attende til dei grunnleggande termene som sjølv *verk*-definisjonen byggjer på, og står då ved noko som grunnleggande skil entiteten *handskrift* frå entiteten *eksemplar*. Begge refererer til fysiske tekstberarar, men det er ikkje ekvivalens mellom desse entitetane når vi no talar om sjølv det handskrivne manuskriptet.

Vi forsøker heller å jamføre *handskrift* med FRBR sin *manifestasjon*. Manifestasjonen er definert som ei konkretisering av eitt eller fleire *verk* (eller av *uttrykk* dersom det er skilje mellom desse to). Ser vi på AM 242 fol att, er det såleis fleire verk (-uttrykk) i det same eine handskriftet. FRBR sin definisjon av manifestasjon opnar for dette fleire-til-ein-forholdet.

Kva rest står vi då att med når vi ser handskriftet som ein manifestasjon i FRBR-modellen? For det første er handskriftet på same tid ein konkret fysisk tekstberar – det er så å seie sitt eige eksemplar. For det andre har vi framleis det faktum at handskriftet representerer kunstnarleg og intellektuell produksjon *ut over* verket (uttrykket). Kreativ variasjon på det tekstlege nivået er knapt noko som er referert til med FRBR sitt manifestasjonsbegrep. Tek vi utgangspunkt i å halde på dei to øvste begrepa verk og uttrykk som universelle her, noko som vel er rimeleg å gjere, så står vi forsøksvis ved at *handskriftet er ein manifestasjon som også er ein konkret fysisk tekstberar, og som ikkje er utan intellektuell eller kunstnarleg skilnad frå verket (uttrykket)*.

Menota arkiverer *tekstlege reproduksjonar* av handskriftene, ikkje dei fysiske objekta. Innplasseringa av handskriftet *som original* i FRBR sitt hierarki dannar likevel eit bibliografisk utgangspunkt for Menota, sidan dei tekstlege reproduksjonane er nøyaktige innhaldsreproduksjonar av nettopp desse fysiske tekstberarane. Her er det med andre ord ein klar relasjon som skulle antyde underordning av avskriftene under handskriftet.

FRBR definerer at det er eit ein-til-fleire-forhold mellom manifestasjon og eksemplar. Tenkjer vi handskriftet på manifestasjonen sin plass og følgjer modellen slavisk eitt steg ned, kunne vi då tenkje oss reproduksjonane på eksemplar-plassen. Men når vi ser på attributt-forholda kjem det her inn bibliografiske realitetar som gjer at dette ville vere å tøye modellen for langt. *Manifestasjonen* er den storleiken i FRBR der attributt som *tittel, ansvar, utgåve, stad, utgjevar, dato, medium, tilgang* og så bortetter er forankra (FRBR 1998, s. 40 f). Naturleg nok ligg desse attributta verken til verks- eller eksemplarnivået.

2.4 Edisjonsattributtet

Den typiske Menota-teksten vil vere ei handskriftnær elektronisk avskrift med minimalt innslag av tolking frå transkribenten si side, og minimalt av syntese mellom handskriftversjonar av verk. Menota har eit fokus på det grafisk empiriske, for å etablere sikrast mogeleg tekstgrunnlag for vidare filologisk arbeid. Tittelen på eit objekt i Menota vil vere av typen ”AM 242 folio [...] an electronic edition”. Attributtet *edition* høyrer heime på manifestasjonsnivået. I FRBR-modellen bør vi difor tenkje Menota-tekstane inn på same nivået som handskriftene sjølve står. Relasjonen mellom handskrift og reproduksjon kjem dermed ikkje hierarkisk til uttrykk. Denne relasjonen vil likevel vere dokumentert i tittelfelt, som i den siterte Menota-tittelen, og andre stader i den bibliografiske posten for avskrifta. Dette blikket på FRBR stadfester dermed at titlar oppbygde av handskriftsignatur (og navn), og presisering av at det er ein elektronisk edisjon, er eit rett val. Vidare vert det eit viktig poeng, ved bibliografisk eksport frå Menota til FRBR-modellen, at titlane på verka som finst i handskriftet (registrerte i <title>-felt på lågare nivå i TEI Header) kjem med og kjem best mogeleg til uttrykk.

Plasseringa av edisjonsinformasjonen som eit *attributt* og ikkje som ein *entitet* i FRBR-ontologien, er det som gjer at relasjonen mellom handskriftet og avskrifta ikkje kan uttrykkjast eksplisitt hierarkisk i modellen. Eit dekkande bibliografisk hierarki for ein handskrift-avskrift-situasjon ville måtte ha *edisjon* som ein primær entitet, plassert under manifestasjon og over eksemplar (figur 1).

FRBR har som eit utgangspunkt kva som er dei bibliografiske objekta sett frå brukarane sin synsstad. Om vi tek eksempelet med Snorra Edda igjen, står vi då ved at *verket* Snorra Edda er *manifestert* i AM 242 folio, og at det også er *manifestert* i faksimileutgåver og elektroniske utgåver som Menota-teksten. Frå brukarperspektivet skulle ein tru at dette vil vere godt fungerande katalogisering.

3 EAD og TEI – Menota som arkiv

3.1 Enkelttekstar eller grupper av tekstar – TEI og EAD


I avsnitt 2 ovanfor gjorde vi ei avgrensing av Menota-tekstane si plassering i høve til FRBR-ontologien for bibliografiske opplysningar. Utgangspunktet vårt er at Menota-tekstane er rikt dokumenterte med metainformasjon i TEI Header-elementet (jfr. *Menota Handbook*, appendix E). Spørsmålet er korleis vi skal gripe det an med å plote Menota sine metadata mot andre metadatataskjema. FRBR-modellen er i den samanhengen nyttig å nærme seg, fordi vi kan gå ut frå at nettopp den modellen og terminologien vil bli jamført og kopla med relevante bibliografiske system. Så langt har vi då gjort ei avgrensing med fokus på *enkelttekstane* som bibliografiske objekt.

Eit arkivobjekt kan sjåast på som eit enkeltstående objekt, eller som objekt i ei lengre rekkje og/eller eit større hierarki av objekt. Encoded Archival Description (EAD) er eit metadatataskjema som uttrykkjer arkiv- og arkivbeskrivelsesperspektivet. EAD gjev plass for skildringa av kvart enkeltobjekt, men i EAD sin modell er arkivkonteksten rundt objekta gjeven prioritet. Med TEI kan ein seie det er omvendt – der er elementet for å skildre enkeltobjekta på ein filologisk måte djupt utbygd (jfr. <MsDescription> i TEI Header). EAD har ikkje den same plassen for filologisk informasjon. Men EAD gjev derimot større prioritet til kataloginformasjon og arkivstruktur.

Det er fleire grunnar for å nærme seg EAD frå Menota si side. Sidan Menota er eit *arkiv*, er det rimeleg å tru at det vil høve å uttrykkje metainformasjonen (eller deler av denne) frå Menota i form av XML-filer som følgjer EAD. Målet med dette vil først og fremst vere å skape arkivkatalogfiler som kan importerast av søkjeportalar og dermed auke atfinningsmogleiken for materialet i Menota. Eit viktig forhold her er at det etterkvart eksisterer store søkeportalar som ikkje er MARC-baserte, der bibliotekskatalogane vert ein av fleire databasar som kan samsøkast frå portalen (jfr. den norske Biblioteksportalen). Internasjonalt er Open Archives Initiative (OAI) eit datahaustings- og søkjeprosjekt der metadata i EAD vil vere eit godt utgangspunkt for eksport frå Menota. Rett nok vil det som krevst for ein metadataimport i ein større portal typisk vere eit subsett, kanskje til og med eit snevert subsett, av metainformasjonen ein har (jfr. bruken av Dublin Core som felles informasjonskjema). Subsettet kan i så fall trekkjast ut av ein EAD-fil. Ved ein eksport til EAD vil vi ha den fordelten at det er godt rom for å uttrykkje arkivperspektivet på Menota.

3.2 EAD

EAD-modellen gjev rom for arkivskildringar på fleire nivå innom den same strukturen. Strukturen er nøstende, slik at informasjonen om det enkelte arkivobjektet på lågaste nivå vil vere omslutta av eit element som gjev informasjon om den aktuelle delen av samlinga. Delsamlingane er så igjen innehaldne i tekstmerking som omsluttar heile arkivet. Metainformasjonen er tenkt tilsvarande fordelt. Informasjonen om ei delsamling står då på delsamlingsnivået, og ikkje ved kvart enkelt objekt. Det nedste nivået skal innehalde informasjon som identifiserer arkivobjektet. Det aller øvste nivået inneheld informasjon om arkivet som heilskap.



Figur 3. Strukturen i ein EAD-fil. Frå dei offisielle EAD-sidene (<http://www.loc.gov/ead/ag/agcre1.html#sec4>).

Figur 3 viser strukturen i ein EAD-fil frå starten og ned til objekt-komponenten (kalla <c>, her i nummerert variant <c01>). Det omsluttande elementet om heile filen er <ead>, så følgjer etter mønster av TEI eit element EAD Header, så frontmatter og deretter arkivbeskrivelse på øvste nivået, <archdesc>. Arkivbeskrivelse på neste nivå under dette, er kalla <dsc>.

Dotterelementet <did> er kalla "Descriptive Identification" og omsluttar beskrivande kjerneinformasjonen for identifikasjon og atffinding. Dette elementet høyrer til kvar komponent på lågste nivå, men også til heile arkivet, som det første dotterelementet til <archdesc>, jfr. figur 3. Utvald kjerneinformasjon frå TEI Header vil gå inn i <did> i EAD.

3.3 Relevansen av EAD

Generelt sentrale termar for EAD-metainformasjonen er *skapingshistoria* for arkivet eller objektet, *kven* (person eller insitusjon) har skapt objektet og i *kva samanheng*. Eit begrepspar som går att på alle nivå av EAD er "scope and content", som vi kan omsetje med *relevans og*

innhald. Feltet for relevans og innhald opnar i EAD for lengre stykkje som ser arkivet, arkivdelen eller objektet i ein fagleg samanheng og forklarar arten og verdien av det materialet som er omhandla. Dette er ein opning som skil EAD frå enkeltobjekt-fokuserte katalogar som MARC, og denne utbyggingsmogleiken er attraktiv for metadataarbeid med samlingar av arkivkarakter.

Spørsmålet om EAD sin relevans for Menota knyter seg også til volum og kva syn ein har på strukturen i arkivet. Etterkvart som Menota aukar i omfang, og ein kan hende vel å leggje ein bestemt hovudstruktur på arkivet, stig verdien av EAD. Menota kunne til dømes tenkjast strukturert i avdelingane austnordisk, vestnordisk og latin, og under desse igjen dansk, svensk, norsk, islandsk. Under der igjen kunne ein sjå for seg ei inndeling i tidsbolkar. Dersom Menota går i retning av å verte eit arkiv der det knyter seg utbygd informasjon om relevans og innhald til slike samlande nivå, ligg det nært å gjere nytte av EAD som modell.

I tillegg til som eit metadata-eksportskjema kunne EAD byggjast inn som del av den elektroniske infrastrukturen til Menota, med tanke på brukarnavigering på heimesida, vising, søk og tilgang. Utgangspunktet ville framleis vere veldokumenterte TEI-enkeltfiler, der header-informasjon migrerte over i motsvarande EAD-felt og danna den strukturerte katalogfilen, som igjen hadde lenker tilbake til kvar TEI-fil.

4 Veg til konkret katalogisering

4.1 TEI Header til MARC

Med utgangspunkt i den veldefinerte TEI Header som Menota føreskriv, verkar det nærliggande å arbeide vidare med ein katalogdataeksport til MARC-formatet for å få registrert enkelttekstar i bibliografiske databasar. Dei mest brukte MARC-felta (Figur 4) svarar godt til manifestasjonsnivået i FRBR-ontologien.

010 tag	marks the Library of Congress Control Number (LCCN)
020 tag	marks the International Standard Book Number (ISBN)
100 tag	marks a personal name main entry (author)
245 tag	marks the title information (which includes the title, other title information, and the statement of responsibility)
250 tag	marks the edition
260 tag	marks the publication information
300 tag	marks the physical description (often referred to as the "collation" when describing books)
440 tag	marks the series statement/added entry
520 tag	marks the annotation or summary note
650 tag	marks a topical subject heading
700 tag	marks a personal name added entry (joint author, editor, or illustrator)

Figur 4. Dei mest brukte MARC-felta ("Understanding Marc", 2000).

Føresetnaden for å akseptere katalogposten frå bibliotekssystema si side vil normalt vere at det katalogiserte objektet er permanent tilgjengeleg på ei elektronisk adresse. Dette reiser då spørsmålet om vegen å gå for Menota er å arkivere versjonar i eit institusjonelt arkiv, som til dømes det DSpace-baserte arkivet Bergen Open Research Archive (BORA). Eit moment her er at arkiv som BORA, som i dag helst arkiverer elektroniske dokument av dei typane ein finn produserte på papir, som bok, tidsskrift eller avhandling, etterkvart kan opne seg meir for å ta imot dokument av primærmaterialetypen, som Menota sine avskrifter. Dette vil aktualisere alternativet med MARC-katalogisering. Teknisk vil MARC-postane kunne eksporterast ved XSLT-stilarkkonvertering av TEI Header frå kvar enkelt fil.

Men det vil også trengast katalogisatorkompetanse av bibliotekstypen i den mottakande enden. Relasjonen mellom MARC-formatet og TEI finst omhandla og dokumentert i elektroniske biblioteksressursar. Randall Barry (1998) uttalar seg om forholdet mellom MARC og TEI Header som katalogdata. Han gjer merksam på at det er nokre problem med å etablere MARC-postar ved utdrag av felt frå TEI Header. Det eine er at TEI Header vanlegvis ikkje blir fylt i med like autoritetskontrollerte data som katalogpostar i MARC. Ein annan ting er også at standardane ikkje korresponderer ein-til-ein, sjølv om der er samanfall. Barry sine synspunkt gjer at metadataeksport frå Menota til MARC mest realistisk kan fullførast ved at katalogisatorkompetanse frå bibliotekssida deltek i utforminga av konverteringsrutinen, og at dei same katalogisatorane så tek hand om den endelege utfyllinga og kontrollen av MARC-postane.

4.2 Mogeleg plotting mot EAD

Når det gjeld bruk av EAD-skjemaet finst det også publisert jamføringar og andre ressursar som belyser forholdet til andre standardar, til dømes TEI og Dublin Core. Aktuelle prosjekt som har arbeidd nettopp med desse to standardane er LEADERS og DIPLOM (sjå lenker i referanselista). Tibbo (2003) har synspunkt som er verd å ta med seg når det gjeld EAD i høve til andre standardar. Ho reiser spørsmål om funksjonaliteten til EAD som det ho kallar eit "multipurpose encoding scheme". Når det gjeld Menota blir det eit spørsmål kor tungtvegande omsyn det er å eksplisere ein arkivstruktur av den typen EAD fangar opp. Det er mogeleg at dette alternativet bør vurderast etter kvart som arkivet veks. Likevel går det an å starte med å plote Menota sin TEI Header samt annan arkivinformatjon om Menota, mot EAD, då først og fremst elementa <archdesc> på høgste nivå, <did> på høgste nivå og på enkeltobjektnivå, samt <scopecontent> på arkiv- og objektnivå.

5 Referansar

- Barry, Randall. Descriptive Metadata: The TEI Header, MARC and AACR2. Nettpublisert foredrag frå konferansen TEI and XML in Digital Libraries. 1998.
<http://www.umdl.umich.edu/workshops/teidlf/barry.html>
- Bergen Open Research Archive (BORA). <https://bora.uib.no/>
- DIPLOM-prosjektet. <http://gandalf.aksis.uib.no/diplom/>
- Encoded Archival Description (EAD). Library of Congress. <http://www.loc.gov/ead/>
EAD og Dublin Core. Konverteringstabell. <http://www.loc.gov/ead/ag/agappb.html#sec3>
- Functional Analysis of the MARC 21 Bibliographic and Holdings Formats. Library of Congress. 2006: <http://www.loc.gov/marc/marc-functional-analysis/functional-analysis.html>
- Functional Requirements for Bibliographical Records (FRBR). 1998. Final Report. IFLA. UBCIM Publications – New Series vol. 19. <http://www.ifla.org/VII/s13/frbr/frbr.htm>
- Funksjonskrav til bibliografiske poster. Sluttrapport (FRBR, norsk). Nasjonalbiblioteket, Oslo: <http://www.nb.no/katkom/frbr/4nbmkap1.htm#introduksjon>
- Hegna, Knut og Eeva Murtomaa. 2002. Data mining MARC to find: FRBR? Foredrag. <http://folk.uio.no/knuthe/dok/frbr/datamining.pdf>
- LEADERS-prosjektet. <http://www.ucl.ac.uk/leaders-project/>
- MARC Standards. Library of Congress: <http://www.loc.gov/marc/>
- The Menota Handbook. Guidelines for the electronic encoding Medieval Nordic primary sources.* Edition 2.0 beta. 2006. http://menota.org/guidelines-2/contents/contents_2-0-b.page
- Open Archives Initiative (OAI). <http://www.openarchives.org/>
- Tibbo, Helen R. 2003. Bokmelding av: Daniel V. Pitti and Wendy M. Duff, eds. *Encoded Archival Description on the Internet.*
<http://www.dlib.org/dlib/april03/04bookreview.html>
- Understanding Marc. 2000. Library of Congress. <http://www.loc.gov/marc/umb/>
- van Nuys, Carol. Funksjonskrav til bibliografiske poster. Foredrag for Norsk online brukerguppe, HiO, 13.12. 2000: <http://www.jbi.hio.no/bibin/nolug/FRBR.ppt>